

men denne røynda har Sjur Bygd gjeve ei form så spontan at romanen ved fyrste gongs lesing verkar som ein improvisasjon, så fullkome sluttar forma seg om innhaldet. — Boka kan lesast som ein spanande roman om ungdom som stirr mot eit tradisjonsbunde ættesamfunn. Andre att kan lesa boka som eit kulturhistorisk dokument. Men mest glede vil den ha som fylgjer dei psykologiske fyrlyktblinka, der forfattaren opnar for sjela sitt eige spontane liv. No er det ikkje rett — og slett ikkje her å lema opp i personskildring, kulturskildring, landskapsskildring o. s. b. Romanen er ein levande einskap, takka vere menneskeskildringa. Alt går trufast saman med den. Landskapspoesien er fylt av heimstadkjærleik og underleg samband med skogen, fjella og den kalde vinden, dei harde åkrane og det gjenstridige og skjemtsame folket.

Romanen fortel om livssoga til dei to unge frå den forlatne heigarden Svartjorde, som var midtpunktet i romanen hans «Valplassen». Spreidde merknader om Brygt Svartjorde og Marjo fører tilbake til «Valplassen», elles er «I hamskifte» ein heilt sjølvstendig roman om ein ny ættled. Lagnaden kom til å skilje dei to unge som drog bort frå Svartjorde, og kvar på sin måte vart dei føregangsskapnader for ei ny utvikling. Dostojevski skreiv ein gong at den vanskelegaste oppgåva ein diktar kunne ta på seg, var å skildre eit godt menneske. Kor vanskeleg det er, har diktarane synt både i gamal og ny tid med mange mislykka freistnader. Sjur Bygd har teikna eit godt og svært tydeleg bilet av Rannvei. Ho er så visst ikkje noko glansbilete, mange motstridande krefter bryt i henne. Men ho lærer å rá med dei. Ho lyser av viljen til det gode, viljen til å hjelpe og styrke andre.

Sjur Bygd er ein rein virtuos når det gjeld å teikne eit portrett med impresjonistiske, karakteristiske detaljar. Ei rekke lagnader glir framom, dei er rita opp med nokre få strek, utruleg sikre og karakterfulle strek. Dei gjev heile biletet. Nynorsk diktning har sidan Duuns dagar vore noko høgtidsam. Sjur Bygd kjem med humoren i rikeleg mon. Menneska hans er under dei mange innfalla si piske. Dei gjer mange krokhopp og har underlege hugskot, men då syter forfattaren alltid for at dei har eit humoristisk vern å stelle seg attom. «I hamskifte» har ei knapp og fortetta form med mange dramatiske hendingar. Likevel får forfattaren hove til å koma med kloke og råkande ord om så mangt, — frå kunst til forretning, frå økonomisk samarbeid og samtal til religion. Sjur Bygd har mange strenger på det melodiske instrumentet sitt. Skulle ein skrive opp alle dei nye, blanke og presise orda og uttrykka, vart det ei lang liste. Heile stoffet er samla i levande pregnante biletet, og når vi har vandra vegen til ende med han, finn vi oss til slutt på ei høgd, der det både er utsyn og oversyn.

Nils Hellesnes.

### HANS SELAND I UNGDOMSDAGAR

Hans Seland dukka opp i Oslo i 1893. Han skulle da vera under-bladstyrar for Peder Rinde i «Nordmanden». Det varte no ikkje så lenge; eg har litra tru på at han lika seg større i det bladet, enda han var brennhuga vinstreman og oppglødd for politiken. Det var andre ting som hadde større rom i hugen hans. Han hadde oppdaga at han hadde ei serskild evne til å fortelja «hikstorier» så folk sat tvikrakte av lått. Og hausten same året våga han seg fram på telet i «Eldorado», den eine av dei nye «varietéane» som Oslo nyleg hadde fått, — det var ei mote-ri med slike varietéar den gongen.

Eg trur nok Hans Seland var litegran redd den fyrste kvelden han skulle opp i «Eldorado». Og det var eit vågestykke også. Han visste at folk ville undras på om han kunne mæle seg med Mathias Skeibrok. Dei var båe to frå Vest-Agder, — Skeibrok frå Lista, Seland frå ei av nærmeste grannebygdene vestanfor. Folk venta seg helst noko av same slaget. Og dette var nett glanstida for Skeibrok; han hadde liksom fått patent på skjemten frå den landsenden, — den var hans oppfinning og einrett. Korleis kunne nokon annan koma og by seg der?

Men Seland vann — for di han var reint ulik Skeibrok. Vi sat alle med samanlikninga. Vi måtte gjera opp med oss sjølve kva skilnaden låg i. For dei var så urimeleg morosame båe to. Men på kvar si vis. Hos Skeibrok fløynde skjemten over. Fantasien hans fostra utrulege skapningar og hendingar, med ein veldig komikk over seg. Han var bilethoggar og teiknar når han fortalte også. Han sjølv var kunstnaren som stod og såg på skaperverket sitt, og log himmelhøgt over det. Det var «skrøner» han fortalte. Men det gjorde ikkje Seland. Han fortalte i grunnen slett ikkje. Han levde sjølv med. Han gikk inn i dei menneska han ville syne fram. «Hikstoriene» hans var underleg sanne og truverdige. Kvar ei av dem var mest som ein samantrengt karakter-komedie. Og Seland spela dem.

25 — Syn og Segn.

Eg hugsar ei ørlita hikstorie som berre var morosam slik som han fortalte ho. Heile moroa låg i spelet. Det var om ein bonde som kom til dokteren og klaga seg for verk i ryggen. Han kunne rette armane sine ut til båe sidene, og han kunne lea dem på ymse andre måtar. Men når han skulle gjera slik — her tok Seland til å tøye armane sine tilbake, og så lyfte dem opp over hovudet, og så med eit hardspenn strekte dem fram, mea ryggen krøkta seg, — vi såg den innbitne verken i ryggen og andletet hans, mea augo stirde vilt og tennene gniksa. Vi gapte i lått. Men så med ein gong vart Seland dokteren, og stod med ein flir som vart breiare og breiare — til han til slutt sa: «Ja men du får la vera å gjera slikt da!» Da log vi alle over den dumme bonden. Men da vi så hadde ledd ifrå oss, da vart Seland bonden att, og med truskyldig alvor kom det: «Ja men koss vil du da få skjorta på deg?» Da log vi for tredje gongen, enda hjartelagare enn før, og no heldt vi med bonden. Det var likevel han som hadde det beste vetet, — ikkje den fine by-dokteren.

Slikt var skodespelkunst. Og Seland sjølv gikk i den tida og vog på om han ikkje skulle bli skodespelar. Han var mykje i lag med skodespelarane på Christiania Theater, og han tala med dem om kunst-håtten sin. Om han kunne ha drivi det langt på den vegn, kan ingen veta. Han valde å halde seg til den forteljingskunsta han var slik ein meister i.


Og «hikstoriene» hans var i røynda ei førebuing til den bygdelivsskildringa som han dei neste åra gikk i gang med. Det var bygde-typar han gav, — gjerne einsidige, så dei vart karikaturar. Men ein god karrikatur er nett god for di han gjev eit stykke sanning. Og dei typane Seland skildra — eller spela — hadde alltid i seg noko av den ekte bondehåtten, berre noko forvridd eller steingjengen.

Seland heldt seg mykje i Oslo i åra 1893 og 94. Berre om somrane var han borte, for da var han på gardsarbeid. Han var jamt i «Den 17de Mai» etter dette bladet hadde komi i gang i 1894. Det var da eg helst vart kjent med han, og vi vart gode venner.

Best minnes eg han frå hausten 1894. Da kom han til Oslo og ville vera med i valstriden for Vinstre. Han hadde hørt gjeti at det året hadde Vinstre i Oslo sett seg på at det ville vinne denne gamle høgrebyen. Oslo skulle bli ung og norsk. Det var noko som kalla på Seland. Det ville han vera med på.

Det var fest med han i dei dagane, — eit vêr i kring han. Eg ser han enda for meg når han kom slagande ned Karl Johan, — høg og rak og sterk. Det var i den tida han skjemta med at han var «Noregs største diktar», d.v.s. den lengste. Det skein av han av ungdomskraft og mod og sigerstru. Da var han ingen stillfarande egdebonde. Han log og tala fritt og høgt. Det var som han åtte heile byen, i det minste heile Karl Johan. Ein måtte mest rope hurra når ein såg han.

Men han slo seg aldri for godt til i Oslo. Han vart verande bonde heile livet sitt, på farsgarden som han tok over. Der var eg ein gong og gjesta han, — det var somaren 1900. Det var tungvint å koma dit. Ein måtte ro opp sjøen Seluren, og derifrå måtte ein klive opp ein bratt bakke til sjølve garden. Nokon kjøreveg fram fans ikkje den gongen. Og nokon hest hadde dei ikkje på garden heller. Gardsbruket var ikkje stort. Dei fødde berre fire kyr og ein flokk smale. Og kva skulle dei med hest? Alt gardsarbeidet måtte så likevel bli gjort med mannemakt. Eg var med Seland opp på den høgste nuten ovanfor garden, så vi såg ut over det landet garden hørte til i. Eg hadde aldri sett noko så opphakka. Her var ingen ting som likna på dei djupe fjordane og dalane vestpå og nordpå eller dei vide viddene og markene austanfjells. Eg måtte tenke på mor mi når ho stod med rullekniven på hakkebrettet og skar opp kjøtet, — såleis hadde ein gong ei diger trollkjerring stått og hakka opp dette lendet her sør. Alt gikk i kross og krok. Knausar og knat-



Hans Seland ikr. 1894.

tar stod og sloss om romet. Nede på garden var alting oppskori og oppkløyvt. Dei største engene var ikkje meir enn som eit skikkeleg stovegolv. Åkrane var berre små lappar, smale reiner mellom helleberg og steinar, some trekanta, some firkanta. Her dugde det korkje med hest eller med maskiner. Her spurdes det om sterke, breie rygger. Og det hadde Selands-karane. Møkka måtte dei bera ut på markbetane sine. Høyet måtte dei bera inn i hus. Den som var bonde her, han fekk sanneleg kjenne jorda tett innpå seg, og måtte bli bunden til ho med ein reint serleg og inderleg styrke.

Det var denne jordgleda og arbeidsgleda som var livsmakta i all diktninga til Seland. Det var den som gav ho varme.

Eg hadde eit brev frå han hausten 1946, etter vi ikkje hadde séttes på mange år. Han fortalte om koss han i 1939 hadde gjevi garden over til sonen sin og sjølv fått seg «gamleheim» der. Om somaren hadde han haldi stort gullbryllaup med kona si. Og no hadde han det fredleg og godt, skreiv han. Det hadde vori eit lukkeliv for han på Seland, — å få leva på farsgarden sin heile livet til endes. Denne lukka ville han gjerne la andre få part i. Og det òg fekk han gjort. Heimelivet var rikdomen og styrken hans.

Halvdan Koht.

### HANS SELAND

1867—1949

**H**ans Seland er fødd 1867 på Seland, ein heller einbølt gard i Nes sokn ved Flikkefjord. Endå det er noko ulendt ikring, er det ein gamal gard; som hev vore i ætti so lenge dei veit av. Hans Seland var byrg av at han var av bonderot; han hadde stor ans for ætti og ættegransking, og han var mykje med i slikt arbeid.

Garden var liten etter måten, so det fall mykje arbeid på alle, og ikkje minst Hans var dugleg med på alt. Han vokser seg etter kvart til ein stor og røsleg kar, sterk og ruvande. Han sa ofte so skjemtande at han var Noregs «største» diktar, og det hadde han visst rett i; for han var truleg den lengste. I det mangfallande livet hans kom styrken ofte vel med, både på ferder og endå meir når han braut jord og slost med Stein eller dreiv i skogen.

Han synter seg tidleg å vera gløgg og vaken, ordhittug og god til å svara for seg. Det var slikt eit velsigna godt naturleg folkevit i han, og eit roleg jamvektig lag. Det fylgde liv og hugnad med han, både skjempt og åvor. Han hadde og eit ope auga og levande sans for alt ikring seg, både folk og natur. Han tenkte lenge på å verta botanikar, han hadde «slik elsk og une for voksterlæra».

Heime var det ikkje berre arbeid. Dei hadde og sans for åndspursmål og politikk. «Almuevennen» var der som i so mange bondeheimar i den tidi vindauga ut mot den store verdi, og ikkje minst Hans las han med ihuge og granska bilet i nøgje. Det skaptest og mykje politisk uro med agitasjonen åt Jaabæk og elles med det sterke framrennet for vinstrepolitikken i 1870—80 åri og alt det nye som då braut på i åndslivet. Faren var Jaabæksmann og heldt «Verdens Gang».

Då Hans gjekk for presten, kom han til å lesa «Lodsen og

hans Hustru» av Jonas Lie. Boki tok han sterkt og samla no alle draumane hans meir og meir um det at han vilde verta «diktar». Noko etter kom han til å lesa «Bondestudentar» av Garborg, og det førde han heilt yver på målsida og synest ha løyst ut noko av forteljar-evna hans, eller helst lært han kor han måtte nyitta sitt eige mål og forteljestilen i heimemålet. Han var den tridje eldste, og dei two eldre brørne hans hadde kome ut på skular og lært, dei laga jamvel vers, so det med hev fulla skuva på han i draumane, so han prøvde seg sjølv òg.

Men det var ikkje so lett å finna framgangsveg. Han var ikkje større moda på lærarskulen, han vilde heller driva med noko i praktisk leid. Han kom seg fyrst på amtsskulen 1883, og 1884—86 var han på Stend Jordbrukskule i Fana. Der fekk han mykje å læra og vera med på, ikkje berre alt nytt i jordbruk, men i hagebruk, landmæling, utskifting og mangt anna. Her kunde nett hans praktiske grep og gode skyn koma han til gode og få vokstervilkår. Han kunde av og til koma inn til Bergen og i teatret. «Det var ei frygd! Dei talar um eventyr! Eg hadde aldri hatt slik moro.» Um sumrane var han i heimegrendene på arbeid.

I 1887 fekk han post på «Pleiestiftelsen for Spedalske» i Bergen, han skulde vera eit slag «gartnar og husbandsdreng». Der i Bergen råka han og den ihuga, ljossynte sunnfjordingen, Mons Litleré, som gav ut målbøker og hadde slik tru på at det vilde gå. Seland skreiv i det vesle bladet hans, «Firda og Sygnafylkets Avis», halvt målblad, og hjelpte han med sendingi og anna. Elles fekk han høyra Bjørnson tala um «Engifte og mangegifte» og uppleva noko av Bohème-striden. Av og til kom han i teatret, det var nett då den unge Gunnar Heiberg styrde det i strid og sjøgang.

Seland vilde gjerne læra meir og få seg noko visst å leva av. Han kom til Danmark og var i eit par meieri 1888—89 og lærde altslag moderne mjølkestell og ostelaging. Han var innan Askov folkehøgskule og saug elles i seg frå alt rundt ikring som kunde gjeva han noko slag åndeleg næring, og voks og mannast. Men nokon post fekk han ikkje då han kom heimatt, endå han baud seg fram mange stader. Det vart helst å driva på heime, og so skriva noko til ymse blad ender og då. So spurde Mons Litleré um han vilde fara til Nordfjord og selja målbøker og tinga burt blad, og Seland slo til og drog av stad.

Han kom til å halda fram med det i heile 4 vintrar, og med det byrjar litt av det «flakkar-livet» som Seland kom til å føra ender og då. Det kasta ikkje so mykje av seg økonomisk, men det var so han greide seg attåt skrivingi og arbeidet i heimbygdene um sumrane.

Han var elles ein kjær og velkommen gjest alle stader. For han hadde etter kvart vorte sers god til å fortelja. Det var so mangt han hadde set og røynt, som folk elles ikkje hadde fest seg større ved, men som han mest stødt fekk ein løgleg eller uventa sveip på. Då han var på Madlamoen og ekserte i 1890, fekk dei han til å fortelja for soldatane, og det vart ei moro som ingen hadde upplevt maken til.

Etter ymist strev fekk Seland ut fyrste boki si: «Ungdom. Espen sine songar. Ved Hans Seland» (1890), berre 2 ark med små dikt, som lite og inkje var tess og få brydde seg um. Men han selde då nokre på ferdene sine. Elles arbeidde han idig med ei ny liti forteljingsbok då han ei tid um vinteren måtte vera heime, og um hausten 1891 kom «Ein liten gut» ut. Det er mykje minne og hendingar frå hans eigen barndom som han fortel um, høveleg tilmåta. Boki kom i kommisjon hjå Mons Litleré, samstundes med «Folkeliv» av Rasmus Løland. Garborg skreiv um dei båe i ei melding i «Verdens Gang» (15. desbr.) «To nye Navne». «Og disse Navne ser mig begge ud til at kunne blive «gamle Navne» engang.» Um Seland skriv han m. a.: «Jeg har ingen anden Ide om Hans Seland end den jeg har faaet ved at læse hans Bog, men saa er jo denne ogsaa virkelig i stand til at vække Interesse for sin Forfatter. — Det eiendommelige ved



Hans Seland ikr. 23 år.

Hans Seland er let Fremstilling, knap Form, et behagelig for ikke at sige et elegant Sprog, og i Foredraget en eiendommeelig indsmigrende Blødhed, der synes at stemple ham som sydvestlending . . . Det er det indre Liv som hovedsagelig fængsler hans Opmerksomhed . . . han skildrer i større Drag og søger helst at fastholde Udviklingen i dens enkelte, karakteristiske Udbrud; men han ser godt, og synes at være inde på den for Sjæleskildrere meget gode «intuitivistiske» Vei —: «at se ind i sig selv for at erkjende de andre,» som Eduard Rod udtrykker det . . . Det er eit godt døme på kor over lag gløgg Garborg var som bokdomar. Det er rimeleg at Seland vart glad: «So sæl hev ingi bokmelding gjort meg sidan. Det var som eg hadde fenge mitt «adelsbrev».»

Året etter kom «I straumen», der han held fram med å fortelja um vanske i framslengalderen. Han er merkt av «det moderne gjenombrotet» i 1880 åri og det finst vel minningars etter «Bondestudentar» i skildringane òg. Enno trivlar han etter å finna fram til «serhatten» sin. Han var elles ei lang ferd austetter til Telemark og fann mange gilde menn der, tykte han, ikkje minst kring folkehøgskulen åt Ullmann.

Like etter nyåret fekk han koma til Kristiania, han hadde fenge post som redaksjonssekretær i «Nordmanden», bladet åt Peder Rinde. Han hadde lenge ynskt å få fara dit, det var so mangt som lokka der, ikkje minst teater. Alt sist i februar fekk han fortelja ein kveld i «Eldorado», det var då dei spela den vidgjetne revyen «Tutti Frutti» av Wiers Jensen. Dei hadde ei jiti prøve i middagstidi fyreåt, ein utbladd flokk, Arne og Hulda Garborg, Skeibrok og frua, Kitty Kielland og Harriet Backer. Skeibrok talde han ifrå å bruka landsmål. Han hadde sét seg nøydd til å umskriva, sa han. «Det fær stå sin vågnad,» svara Seland, «skynar dei meg ikkje, so fær det vera». «Det gjekk vel. Og meir enn vel,» fortel han sjølv. «Eg vakna næste morgon og var «det nyaste nummer» i byen! Den eine kvelden vart til 30, og bladi kytte bra. Seland gjorde over lag stor lukke, endå han nyttar nynorsk, — eller helst nett av di han gjorde det og var seg sjølv heilt ut.

Han kom snart inn i kunstnarkrinsane, og ikkje minst skodespelarane høyrdé på han. Seland fortel sjølv (i «Syn og segn» 1927, s. 101) at Henrik Klausen sa til han: «De har fundet den egte norske fortællekunst. Det er stik i mod alt hvad vi


har lært: at man skal forberede poænet, saa publikum sitter og glæder sig: nu — nu kommer der snart noget! — De går den motsatte vei. Naar De nærmer Dem poænet, blir De mer og mer nonchalant og likesæl, saa kommer træfferen som om De selv aldri visste om det. Og publikum sitter og ler *efterpau!* Men det er riktige maaten; det er den norske maaten, vi erkjenner det alle!»

Det som mest sermekte Seland, var den logne, rolege måten han fortalte på, litt likesælt og ofte reint gravaalvorleg. Han var mykje godt fri for uhøveleg tilgjerdslle og yverdriving, alt i hop var endetil og naturleg, og likevel var det so inderleg komisk og løgleg. Innhaldet forma han ut med godlidande skjemt, eit fint humor, og med eit sers gløgt auga for dei små einskild-dragi, som samla seg til eit heilsleg bilet av eit serlagt menneske, eit merkeleg livssamspel eller ein morosam folkekarakteristikk. Han leika aldri innpå det usømelege, eller «våga», — han hadde med frå livet det som var naturleg og greidt. Han gav ut fleire samlingar av småforteljingane sine, t. d. «Kvinnfolk og karar» (1892), «Hikstorian» (1893), «Seiande segner» (1900), «Bygdefolk» (1907), «Nye skjemtesogor» (1920) og «Morostubbar» (1942). Det er små varlåtna truverdige menneskjeskildringar han hev gjeve i dei. Eit endå betre bilet av folkelyndet fekk ein når ein høyrdé han sjølv fortelja. Det vart rikare då med ei rad små avbrigdingar. Han kunde og so vel spela på åhøyrarane. Han kom til å reisa mykje og halda upplesingar og forteljingskveldar, både her i landet og i Amerika eit par gonger, der mykje folk strøymde til. Og han hev vore



Hans Seland ikr. 25 aar.

med på tallaust mange møte og stemnor i alle slag lag heile landet rundt og alltid «løyst latten» og gjeve logne blenkar yver menneskjeleg dårskap og veikskap. Han hev og fenge litt å segja for upplesingskunsti, endå so vandt det var for andre å ta etter. Han fekk elles same lagnad som skodespelarane, at hans store kunst kom burt med han sjølv.



Seland med dei nybygde husi.

I 1896 vart han gift med Berta ·Serena Malde fra Stavanger og tok so ved farsgarden. Han vart ein sers ihuga, tiltaksam bonde, som dreiv garden godt opp. Han auka jordviddi mykje med å bryta upp ulende, og han tok til med ymse attåtnæringer. Det var ofte eit hardt slit, for garden er brattlendt med berg og småknausar ikring. Det er tungt og høgt upp frå vatnet, og først i 1915 fekk dei køyreveg til gards. Han vart ein fyregangsmann i bygdi og kom etter kvart med i alt slag bygdestyre i mange år, heradstype, skulestype, revisor, varamann til Stortingen, i 1915—18 for vinstre. Men då Bondepartiet vart skipa, gjekk han ihuga med der og var varamann til Stortingen 1921—24 og elles mykje nytta til talar og agitator. Han var medlem av hovudstyret for Norges Bondelag 1916—37 og utsending frå det til 100-årsfesten i Minneapolis 1925. Han hadde forfatarstipend 1903 og var då ei ferd til Amerika. I frå 1933 var han ei tid medlem av det litterære råd.

Endå so mykje Seland vart fyllt av praktisk arbeid og tiltak, levde lenge bokmannen i han heller sterkt. Han hadde vore mykje freista til å verta verande i byen; men han treivst ikkje retteleg med heile åndsstemna der. Han kom til å halda fram med bondearbeitet og kom difor til å taka upp bygdeproblemi i diktning si, liksom han i politikken arbeidde mykje for å betra bondekåri. Han vart ei levande sambinding av bonde og diktar som me hev havt nokre av i nynorsk bokheim. Det gjorde vel og sitt til at han vart meir forkynnar enn sjølegranskars som gjekk i djupni. Han heldt seg meir til det ytre i arbeidslivet og vilde der gjeva rettleiding um ei god livsførsle som kunde skapa glede og indre jamvekt og hugnad. Han skriv sjølv um det:

«När dei andre helst skrev um forvridne, sjuklege, meir og meir tilgjorte, lyte- og lastefulle menneskje, veike og vimrande etter kvart hugskotet, so lika eg betre å fortelja um normale folk som handla ut frå plan og umtanke, folk med vit og vilje. Eg vilde skildra mi eigi tid og hennar strid her på Agder. — — Det er folk som veit kva dei vil; dei legg planar for si framtid, og brukar dei råder som vitet segjer til um. Slike folk verka framande i ein bokavl som mykje godt heldt på å ugjera seg. Eg fekk ord for å skriva «lærebøker» og ikkje litteratur, og endå er *mine* folk gudskjelov enno det store fleirtalet i landet; dei treivst som ugras! — Kor tadt eg fekk høyra at «man merkt die Absicht und verstimmt». Nei, bønder *skulde* vera måtleg mengde med «lus, lort og lausungar», elles var det ikkje litteratur!»

Alt i den vesle boki «Ei bergpreike og andre småstykke» som kom ut same året som «Hikstorier» (1893) let han ein ung lærar i heimbygdi halda eit slag bergpreike, dei sit og ser ut yver dei vakre heimegrendene ein vårdag. Han talar mot dei som jamrar og klagar yver livet, kor det er myrkt og svart, — «dekadentane» på landsbygdene som læst vera slike tankesprengde «trætte Mænd» som hev mist alt livsmod og all livstru. «Verda er, som du sjølv tek henne. Der er ljós-stunder yver alleslags tilvære, og fleire kunde ein faa, naar ein berre *wilde* sterkt nok. Ja, jorda er svart. Men dyrk henne og stell henne til, so ber ho gras og blomar og korn til glede og gagn for menneskja.» Han trur på den guddomlege heimsviljen, som verkande kraft i deg sjølv, som tillit til deg sjølv. «Sjå livet ikring deg, so dansar du!» Han



Hans Seland ikr. 33 år.

vanskær og motgang haugar seg upp i den økonomiske striden; men det trufaste umtenksame slitet løner seg, so dei vinn upp og fær tvifald livsglede. Men amerikafeberen herja hardt på dei mange smågardane, og det vart sårt både for dei som reiste og dei som sat med alt fatigslege strevet.

I 1902 kom fyrste bok um Tore Herdal «Synkvervd»; emnet arbeidde lenge i Seland, for andre bok kom i 1911, «Two herrar», og siste bok i trilogien kom 1917, «Vegvill». Seland rekna dette for det beste verket sitt, og det er rimeleg; for her finn ein mest av det indre livet hans, alle slag tvismål og problem i religion og moral, og dei motstridande dragnader som brytst i hugen, endå um han er aldri so aktiv og vend utetter, og prøver å halda seg undan dei med ein positiv livsvilje. Det er og dei bøkene hans som er best underbygde psykologisk, ein ørleg freistnad på å trengja inn i dei løynde lagnadsmaktene.

Ei bok som vekte mykje ordskifte, var «Høgsumar» (1903).

kjenner bondelivet heilt ut, både slitet og den gleda som det gjev.

Det er då dette Seland freistar å syna i bok etter bok. «Inger» kom i 1894, det er no beintfram «ein sumardraum». I «Søren Lande. Bygdeliv fraa Vest-Agder» (1895) gjev han ein tverskurd gjennom arbeidslivet eit heilt år. Der rår elles mest den godlidaende skjemten han. Derimot kjem slitet og vanskane meir fram i «Trældomskaar. Ei kvardags sogga» (1896) og «Andror» (1898) og «Eikeli» (1900). Dei two siste gav han ut saman i 1916 «Eikelifolket». Det byggjer på mykje han hev hørt eller røynt, — å ro i motvind, då.

Serleg var det mange og lange innlegg for og imot i ungdomsblad, i samband med den meir nådelause realistiske diktingi åt Rasmus Løland og hans álvorlege ungdomssoge i «Aasmund Aarak». «Høgsumar» er ei svært ljós kjærleiksskildring, mange tykte ho var for berrsgøi um elskhugskjenslone, og at det gjekk dei to unge for lett og godt. Seland segjer sjølv at han hadde eit visst fyremål med boki, at ho hadde «noko av upphavet sitt i eit innvendes motmæle mot smaksretningi i tidi. Den gongen kunde du lite opna ei ny bok, utan ho fortalte um hor og ekteskapsbrot. Eg kom i hug: um nokon ein gong i framtid vilde granska vaar tid etter bokavlen, slik som Troels Lund hev lagt i dagen livet i «Norden» på 15-hundretalet, kva maatte han tru? So fortalte eg likso godt um eit av dei ørlege mønster-ekteskap eg kjende so mange av. Garborgs melding i «Den 17de Mai» ber vitnemaal um kor «nytt» dette var:

«Ein les i forundring og vågar ikkje rett å tru; — det vonde må vel koma, tenkjer ein, og snu allting um, so hinmannen fær sitt. Og ein les og les, og er med, og er glad so lenge godt varer, og skynar mindre og mindre kvar det vonde skal koma frå. — — Eg kom heilt burt i Selands sogu. For dette var noko nytt. Tenk ei bok som fortel ei ljós, fager sogu, og fortel ho soleis at lesaren er med frå fyrst til sist. Eg las og las, turka brilleglasi og las, og kunde liksom ikkje rett tru på dette. Men boki heldt meg til ho var utlesi. — Eg let ho liggja nokre dagar; las ho so uppatt. Det kunde ikkje hanga rett ihop dette. Men eg skulde vel få greida på Seland når eg fekk tenkja meg um. For slike kunde då ikkje vera sant. So vent kunde livet kan henda vera i gamal tid. Men no?»

Men boki tok meg som fyrste gongen. Ingen ting fann eg å hengja hatten på. — So «ny» verka boki!»

Denne hugen hjå Seland til å vera med i det litterære «ordskiftet» på denne måten og på ei vis skriva etter eit skjema han hadde sett opp, førde ikkje fram. Det han skreiv, vart meir velmeint enn vellukka; for evnone hans rakk ikkje til her til å støypa innhaldet og upplegget inn i ei kunstnarleg fullgyldig form. Endå so velviljig Garborg var, so hev ikkje domen hans denne gongen slege til. «Høgsumar» yvertyder ikkje og fekk ikkje større verknad. Dette «pedagogiske» draget vart endå sterke med åri. Men det hjelpte at han meir heldt seg til å skildra livsvilkåri og arbeid i landsbygdene, og var der ein

ærleg bokmann som freista å finna endeframme naturlege sanne ord for sitt åndsinnhald. Det er makt i den etisk-religiøse idealismen hans og lovprisingi av bondeyrket, det yrket som hev den heilaste hugnad i seg, og trui hans på arbeidet og livet. Dei som trufast strevar og arbeider og er gode, dei *hev* sæla, dei *hev* ho ikkje berre til gode, meiner han.

Det vart ei rekke med bøker som fortel um vanskane og slitet og gleda når ein arbeider med jordi. «Øygarden» (1905) med framhaldet «Bureising» (1909) syner ein ungut som tek fat på arbeidet heime, og ikkje reiser ut eller til Amerika. Han går laus på myrane og reiser eit større «bu», so han burde vera mønster for mang ein ungdom. For han får mykje glede og signing av nybrotet sitt. «Steinar Aasland» (1906) er mest bygt på forteljingar um bestefaren som tok til med sumt nytt i jordbruksvegen endå um grannane smått flirde til han. «Gard og grunn. Ei bondesoge» (1919) fortel um det verd som ein heiegard kann hava, og den boki vart mykje umtykt. I «Ein arbeidsmann» gjekk Seland utum skildringi av bondelivet og freista syna koss det gjeng bondeguten ved fabrikken og dei mange slag vanskars og problem han der møter, ikkje minst streikespørsmålet, det å leggja ned arbeidet. Seland streva mykje med å få skildringi sann og ekte, utan at det heilt lukkast. Derimot kjende han betre til emnet i «Einbøling» (1923) um den einsame slitraren i avdalen; men heller ikkje den boki gjorde større av seg. Det minka med diktarevna hans. Det vart berre ei ny bok etter amerikaferdi i 1925, «Eventyret» (1929) der han fortel ei utvandrarsoge han høyrd der burte.

Ei viktig skildring av læraridealisten som strevar i bygdi med å vekkja rikare åndsliv og sans for «høgare hugmål» hev Seland gjeve i «Eirik Jonsvoll» (1914). Det er ei forteljing um ein av dei mange lærarane i landet vårt som hev vorte gripen av ideal i livet, og som i all si armod ser seg råd til å arbeida for dei, ja som finn si største glede i «for folket burt å gjeva seg». Dei strevar med å så sine beste frækorn i skulen; det går seint og krev tolmod, og mykje fell på steingrunn. Attpå driv dei med ungdomslag, songlag, fråhaldslag, mållag, vinstrelag og anna, og må vera med i skulestyre, fatigstyre, heradstyre og slikt burretter. Det vert mykje bal og lite takk, ofte motburd og mistru frå foreldre og dei som hev andre meininger, fråfall millom deira eigne, og kav og strid for levemåten for dei sjølve. Dei freistar

fylgja med, baskar og ror eller gjeng lange vegar åleine til og frå stemnor, reiser på tridje plass til utsendingsmøti og lever på turt brød, svingar millom hugkveikjing og vonløyse, er glad for eit lite godord og sår for ei hæding. Den dag det kunde vera høve til å få litt like for strevet — ein ordførarplatz eller stortingssess — um ein aldri hev tenkt eller drøymt um det —, nei då er ikkje ein «framand» lærartrave god nok, då lyt ein ha ein av «odelsbondene», eller «grosserer Hansen», som kann lova i aust og vest.

Hans Seland ikr. 40 år.



Seland fortel soga um Eirik Jonsvoll stillfarande, endefram og bråklaust, som dei lever ho, og som ein kjänner det so vel alt i hop. Difor vert ein glad i boki, og samstundes so hugsår, — at det skulde gå slik med han og so mange andre slike idealistar. Eirik Jonsvoll vinn ikkje fram, han døy for tidleg, — han hev truleg arbeidt for stridt. «Likferdi var den største som var spurd der i dalen», med mange kransar og mykje takk. Og kann henda, «vert alt gjort upp, når alt kjem inn han endå vinn.» Han hev levt livsens rikaste liv. Det vil gro noko etter arbeidet hans. Men Seland yvertyder ikkje heilt, endå so mange fine cinskilddrag det finst. Han hev halde seg mykje til dei ytre hendingane og mindre til sjølevoksteren hjå mannen sin. Dei glyttane me fær inn til hans indre, gjev ikkje innsyn nok. Like eins er det her og slik at Seland ser meir av ljost, vent og sterkt i livet enn det vanleg finst; trass all motgang fell livsvegen heller greidleg for Eirik Jonsvoll, og ein fær ikkje sjå.

nok av mannen, kor han veks innantil i livsstriden og røyningane.

Eit umråde der Seland hev sett mykje godt inn, er i barnebokheimen. Dei barnebøkene han hev skrive, hev vorte vel umtykte og mykje lesne. Det er forteljingar han sjølv hev nytta til sine eigne born, so dei er fødde i samarbeid med borni. Der møter me og det fine, hjartegode, varme hjå Seland, når han let barnefantasien leika. Det er «Prinsesse Gullska og systerne hennar. Forteljingar for små-born» som Centralstyret for dei norske barne og ungdomsbibliotek i gav ut (1901). Mange stykke frå den boki hev kome inn i lesebøkene våre. Like eins frå «Dagros og andre dyr. Sogor for born» (1907). Ikkje minst her fær han gjeve ord for rettferdskjensla og rettferdstrongen hjå borni og den rike, spelande hugleiken deira. I 1910 kom «Reidar unge. Smaasogor» og i 1916 «Ivar den spake».

Seland hev og dikta ymse salmar og umsett mange. Han var ein åvorleg religiøs mann som trudde einfelt på gud og dei gode maktene som ovra seg i tilværet. Det var ei ljos, frisk tru som gav han rik glede i naturi og ved arbeidet, når han såg det blømde og voks ikring han. Han såg ei guds velsigning i det. Det sterkeste draget i han hev vore ei trå etter å gjeva andre same synet og vekkja den same arbeidsgleda hjå dei, som fyllte han sjølv, og få dei til å kjenna hugnaden ved bondearbeitet heime på farsgarden til gagn for huslyd, bygd og fedreland. Det er ofte mest som denne tråi hev døyvt kunstnaren i han, so bøkene hev fenge noko av fyreteljing og frokynning yver seg. I 1931 sende han ut ei bok «Aar og dagar» der han fortel um livet sitt til då, uppvokster, framgang og motgang, på ein logn stillferdig måte. Han tek oss og med på ferdene sine og skildrar sumt i krigstidi, og ymse menn han hev møtt. Han prøver å forklåra kva han hev vilja med bøkene og livet sitt. Stort sét synest han å vera nøgd med det, og tykkjer det hev gjenge han tolleg godt, og han takkar «himmelens Gud for livsens gaava».

Til slutt vil eg nemna den sterke rettferdskjensla hans som gav seg utslag i det livslange, seige arbeidet for Hetlesaki. I meir enn 30 år stridde han for å få umgjort domen yver Mikael og sonen Ole Hetle som ved lagmannsrettssak 1907 var dømde til livsvarande fengsel for dei skulde ha drepe grannen, Henrik Hetle. Seland kom til at denne «indisiedomen» måtte vera rang etter vanleg folkevit og ei roleg umdøming ut frå eit praktisk

landsens skyn på heile provtilfanget og norsk folkelynde, og at den rettsmedisinske sakunniskapen måtte ha teke i miss. Etter kvart samla han meir og meir tilfang, skrev og tala utrøyttande um saki, so han fekk snutt folkemeiningi, og til slutt og domstolane. Hetlekaran fekk nåde 1914, men den fyrste domen vart endeleg vraka i 1943 og det godteke i 1945 etter frigjeringi. Seland hev sjølv fortalt heile tilgangen i ei bok «Hetlesaka»,<sup>1</sup> som er ei spanande skildring av all striden hans mot «autoritetane» og likesæla.

Hans Seland døyde 30. juni i år etter han hadde lege sjuk mest eit år. Men heilt til det siste hadde han sin livsoptimisme og sitt ljose humør, og skjemten glimta fram i ålvoret til siste slutt.

*Olav Midttun.*

<sup>1</sup> Johan Hovstad hev i eit stykke i Syn og segn 1948, s. 413 «Ein strid for retten» gjeve ei yversyn yver saki og arbeidet åt Seland.